HORDALAND FYLKESKOMMUNE

# Møteinnkalling

| | |
|---|---|
| **Utval:** | **Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland** |
| **Møtestad:** | Park hotell, Voss |
| **Dato:** | 07.09.2016 |
| **Tid:** | 13:00-15:00 |

Du vert med dette kalla inn til møte 7. september kl 13.

**Program:**

Orienteringar:

Orientering om Barnas trafikklubb ved Opplæringssjef i Trygg Trafikk v/ Kristin Eli Strømme

Orientering. Status trafikkulykker i Hordaland 2015/2016 v/ Statens vegvesen

Orientering. Pilotprosjekt Trafikksikker kommune v/ Trygg Trafikk Hordaland

Sakshandsaming

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å
gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på www.hordaland.no/forfall

Innkallinga gjeld valde medlemer i Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland. Ved eventuelt forfall frå faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.

Nils T. Bjørke
utvalsleiar

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

## Sakliste

| Utvals-saknr | Innhald | Arkiv-saknr | U.Off. |
|---|---|---|---|
| PS 21/16 | Godkjenning av møteinnkalling og saksliste | | |
| PS 22/16 | Godkjenning av møtebok forrige møte | | |
| PS 23/16 | Referatsaker | | |
| RS 5/16 | Ulykkesbarometer for Hordaland 2015 | 2014/13889 | |
| RS 6/16 | Svar på høyring - endring av vegtrafikkloven § 24 | 2014/18315 | |
| PS 24/16 | Søknad om tilskot til lokale trafikksikringsarrangement hausten 2016 | 2014/1230 | |
| PS 25/16 | Omdisponering av FTU-budsjett 2016 - Kampanjemidlar til Barnas trafikklubb | 2014/13889 | |
| PS 26/16 | Søknad om tilskot til lokalt trafikksikringsarrangement 2016 | 2014/1230 | |
| PS 27/16 | Trafikksikringsprisen 2016 | 2014/13889 | X |
| PS 28/16 | Opplæring i trafikktryggleik i den vidaregåande skulen - bruk av midlar | 2014/13889 | |
| PS 29/16 | Ymse | | |

## PS 21/16 Godkjenning av møteinnkalling og saksliste

## PS 22/16 Godkjenning av møtebok forrige møte

## PS 23/16 Referatsaker

Region vest
Vegavdeling Hordaland
Plan- og forvaltningsseksjon Bergen
2016-08-25

Statens vegvesen

# Ulykkesbarometer for Hordaland 2015



Statens vegvesen

# Ulykkesbarometer for Hordaland 2015

## FORORD

Kvart år blir mange menneske drepne eller skadd på vegane i Hordaland. I vårt systematiske trafikksikringsarbeid har vi særleg fokus på å gjennomføre tiltak som reduserer dei alvorlegaste ulykkene.

Denne rapporten tek utgangspunkt i politirapporterte vegtrafikkulykker der personar er blitt drepne eller hardt skadd[1]. Rapporten er bygd opp slik at den viser utviklinga innanfor ulike kategoriar og tema. Berre eit tema blir vist på kvar side. Med unnatak av figuren på side 4, viser søylene i figurane alltid 5-års-periodar frå perioden 1990-1994 til perioden 2011-2015. Figurane skal kunne gje ei god visuell oversikt over ulykkesutviklinga, samstundes som dei årlege variasjonane (som kan vere litt tilfeldige), blir tona ned. Figuren på side 4 viser utviklinga i drepne og hardt skadde for heile fylket frå 1990 til 2014. Denne figuren viser alltid siste 12 månader.

I dei øvrige figurane er tal på drepne vist med mørk skravur ■ og hardt skadde med lysare skravur. ■

Målet med denne rapporten er å gje ei enkel oversikt over ulykkesutviklinga i de alvorlegaste ulykkene for dei mest vesentlege kategoriane og tema. Desse analysane kan igjen danne grunnlag for grundigare analyser av dei tema som t.d. har hatt ei negativ ulykkesutvikling.

Ulykkesbarometeret vart første gang utarbeidd i 2011.

August 2016

Trond Hollekim

[1] Omgrepet *hardt skadd* er sum av skadegradsdefinisjonane *meget alvorlig skadd* og *alvorlig skadd*

Statens vegvesen

# Ulykkesbarometer for Hordaland 2015

## Innhald


FORORD ..... 1

Hordaland ..... 4

Bergen kommune ..... 5

Sør ..... 6

Vest ..... 7

Nord ..... 8

Midt ..... 9

Indre ..... 10

Fotgjengar ..... 11

Møte ..... 12

Utforkøyring ..... 13

Kryss ..... 14

Påkøyring bakfrå ..... 15

Personbil ..... 16

Fotgjengar ..... 17

Sykkel ..... 18

Moped og MC ..... 19

Buss ..... 20

Tungbil ..... 21

6 – 14 år ..... 22

15 – 17 år ..... 23

18 – 24 år ..... 24

Over 64 år ..... 25

Europa- og riksveger ..... 26

Fylkesveg ..... 27

Kommunal veg ..... 28

Tørr, bar veg ..... 29

Våt, bar veg ..... 30

Snø og is ..... 31

Dagslys ..... 32

Mørkt med veglys ..... 33

# Ulykkesbarometer for Hordaland 2015

Mørkt utan veglys ........ 34
Vinter ........ 35
Vår ........ 36
Sommar ........ 37
Haust ........ 38
Kvardagar ........ 39
Helg ........ 40
Morgon og føremiddag ........ 41
Dag og ettermiddag ........ 42
Kveld og natt ........ 43
Europaveg 39 ........ 44
Europaveg 16 ........ 45
Europaveg 134 ........ 46
Riksveg 7 ........ 47
Riksveg 13 ........ 48

Statens vegvesen

# Ulykkesbarometer for Hordaland 2015

**Kategori:** Utvikling drepne og hardt skadde

**Tema:** Hordaland

## Barometer




### Tal drepne og hardt skadde

| Totalt 1990-2015 | Gjennomsnitt pr. år | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 2911 | 112 | 85 | 84 | 72 | 75 | 75 |

**Totalt antall ulykker 1990-2015:** 18146

### Utvikling frå 1990 – 2015

**Svært positiv**

### Utvikling siste 5 år

**Positiv**

# Ulykkesbarometer for Hordaland 2015

**Kategori:** Område

**Tema:** Bergen kommune

## Barometer




### Tal drepne og hardt skadde

| Totalt 1990 - 2015 | Gjennomsnitt | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 953 | 37 | 31 | 25 | 26 | 34 | 30 |

### Utvikling frå 1990 – 2015

**Svært positiv**

### Utvikling frå 2006-2010 til 2011-2015

**Uendra**

Statens vegvesen

# Ulykkesbarometer for Hordaland 2015

**Kategori:** Område

**Tema:** Sør

## Barometer




### Tal drepne og hardt skadde

| Totalt 1990 - 2015 | Gjennomsnitt | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 376 | 14 | 15 | 5 | 8 | 4 | 10 |

### Utvikling frå 1990 – 2015

**Svært positiv**

### Utvikling frå 2006-2010 til 2011-2015

**Svært positiv**

Statens vegvesen

# Ulykkesbarometer for Hordaland 2015

**Kategori:** Område

**Tema:** Vest

## Barometer




### Tal drepne og hardt skadde

| Totalt 1990 - 2015 | Gjennomsnitt | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 389 | 15 | 11 | 14 | 15 | 8 | 6 |

### Utvikling frå 1990 – 2015

**Svært positiv**

### Utvikling frå 2006-2010 til 2011-2015

**Uendra**

Statens vegvesen

# Ulykkesbarometer for Hordaland 2015

**Kategori:** Område

**Tema:** Nord

## Barometer




### Tal drepne og hardt skadde

| Totalt 1990 - 2015 | Gjennomsnitt | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 336 | 13 | 5 | 14 | 6 | 5 | 11 |

### Utvikling frå 1990 – 2015

**Positiv**

### Utvikling frå 2006-2010 til 2011-2015

**Positiv**

# Ulykkesbarometer for Hordaland 2015

**Kategori:** Område

**Tema:** Midt

## Barometer




### Tal drepne og hardt skadde

| Totalt 1990 - 2015 | Gjennomsnitt | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 327 | 13 | 4 | 4 | 5 | 7 | 6 |

### Utvikling frå 1990 – 2015

**Svært positiv**

### Utvikling frå 2006-2010 til 2011-2015

**Svært positiv**

Statens vegvesen

# Ulykkesbarometer for Hordaland 2015

**Kategori:** Område

**Tema:** Indre

## Barometer




### Tal drepne og hardt skadde

| Totalt 1990 - 2015 | Gjennomsnitt | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 508 | 20 | 19 | 17 | 12 | 17 | 12 |

### Utvikling frå 1990 – 2015

**Positiv**

### Utvikling frå 2006-2010 til 2011-2015

**Positiv**

Statens vegvesen

# Ulykkesbarometer for Hordaland 2015

**Kategori:** Ulykkestypar

**Tema:** Fotgjengar

## Barometer




### Tal drepne og hardt skadde

| Totalt 1990 - 2015 | Gjennomsnitt | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 433 | 17 | 12 | 16 | 17 | 6 | 15 |

### Utvikling frå 1990 – 2015

**Svært positiv**

### Utvikling frå 2006-2010 til 2011-2015

**Uendra**

Statens vegvesen

# Ulykkesbarometer for Hordaland 2015

**Kategori:** Ulykkestypar

**Tema:** Møte

## Barometer




### Tal drepne og hardt skadde

| Totalt 1990 - 2015 | Gjennomsnitt | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 750 | 29 | 33 | 39 | 25 | 20 | 17 |

### Utvikling frå 1990 – 2015

**Uendra**

### Utvikling frå 2006-2010 til 2011-2015

**Uendra**

Statens vegvesen

# Ulykkesbarometer for Hordaland 2015

**Kategori:** Ulykkestypar

**Tema:** Utforkøyring

## Barometer




### Tal drepne og hardt skadde

| Totalt 1990 - 2015 | Gjennomsnitt | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 983 | 38 | 23 | 12 | 17 | 28 | 23 |

### Utvikling frå 1990 – 2015

**Svært positiv**

### Utvikling frå 2006-2010 til 2011-2015

**Svært positiv**

# Ulykkesbarometer for Hordaland 2015

**Kategori:** Ulykkestypar

**Tema:** Kryss

## Barometer




### Tal drepne og hardt skadde

| Totalt 1990 - 2015 | Gjennomsnitt | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 362 | 14 | 7 | 6 | 5 | 13 | 12 |

### Utvikling frå 1990 – 2015

**Svært positiv**

### Utvikling frå 2006-2010 til 2011-2015

**Uendra**

Statens vegvesen

# Ulykkesbarometer for Hordaland 2015

**Kategori:** Ulykkestypar

**Tema:** Påkøyring bakfrå

## Barometer




### Tal drepne og hardt skadde

| Totalt 1990 - 2015 | Gjennomsnitt | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 147 | 6 | 4 | 2 | 4 | 2 | 2 |

### Utvikling frå 1990 – 2015

**Svært positiv**

### Utvikling frå 2006-2010 til 2011-2015

**Positiv**

15

# Ulykkesbarometer for Hordaland 2015

**Kategori:** Trafikantgrupper

**Tema:** Personbil

## Barometer




### Tal drepne og hardt skadde

| Totalt 1990 - 2015 | Gjennomsnitt | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 2179 | 84 | 67 | 69 | 48 | 51 | 57 |

### Utvikling frå 1990 – 2015

**Svært positiv**

### Utvikling frå 2006-2010 til 2011-2015

**Positiv**

16

Statens vegvesen

# Ulykkesbarometer for Hordaland 2015

**Kategori:** Trafikantgrupper

**Tema:** Fotgjengar

## Barometer




### Tal drepne og hardt skadde

| Totalt 1990 - 2015 | Gjennomsnitt | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 434 | 17 | 12 | 16 | 17 | 6 | 15 |

### Utvikling frå 1990 – 2015

**Svært positiv**

### Utvikling frå 2006-2010 til 2011-2015

**Uendra**

17

Statens vegvesen

# Ulykkesbarometer for Hordaland 2015

**Kategori:** Trafikantgrupper

**Tema:** Sykkel

## Barometer




### Tal drepne og hardt skadde

| Totalt 1990 - 2015 | Gjennomsnitt | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 231 | 9 | 4 | 6 | 8 | 9 | 9 |

### Utvikling frå 1990 – 2015

**Svært positiv**

### Utvikling frå 2006-2010 til 2011-2015

**Uendra**

# Ulykkesbarometer for Hordaland 2015

**Kategori:** Trafikantgrupper

**Tema:** Moped og MC

## Barometer




### Tal drepne og hardt skadde

| Totalt 1990 - 2015 | Gjennomsnitt | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 595 | 23 | 15 | 12 | 13 | 17 | 22 |

### Utvikling frå 1990 – 2015

**Svært positiv**

### Utvikling frå 2006-2010 til 2011-2015

**Positiv**

# Ulykkesbarometer for Hordaland 2015

**Kategori:** Trafikantgrupper

**Tema:** Buss

## Barometer




### Tal drepne og hardt skadde

| Totalt 1990 - 2015 | Gjennomsnitt | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 141 | 5 | 4 | 5 | 3 | 3 | 2 |

### Utvikling frå 1990 – 2015

**Positiv**

### Utvikling frå 2006-2010 til 2011-2015

**Uendra**

Statens vegvesen

# Ulykkesbarometer for Hordaland 2015

**Kategori:** Trafikantgrupper

**Tema:** Tungbil

## Barometer




### Tal drepne og hardt skadde

| Totalt 1990 - 2015 | Gjennomsnitt | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 388 | 15 | 19 | 8 | 12 | 11 | 4 |

### Utvikling frå 1990 – 2015

**Positiv**

### Utvikling frå 2006-2010 til 2011-2015

**Uendra**

Statens vegvesen

# Ulykkesbarometer for Hordaland 2015

**Kategori:** Aldersfordeling

**Tema:** 6 – 14 år

## Barometer




### Tal drepne og hardt skadde

| Totalt 1990 - 2015 | Gjennomsnitt | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 198 | 8 | 4 | 6 | 3 | 3 | 10 |

### Utvikling frå 1990 – 2015

**Svært positiv**

### Utvikling frå 2006-2010 til 2011-2015

**Uendra**

# Ulykkesbarometer for Hordaland 2015

**Kategori:** Aldersfordeling

**Tema:** 15 – 17 år

## Barometer




### Tal drepne og hardt skadde

| Totalt 1990 - 2015 | Gjennomsnitt | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 320 | 12 | 2 | 5 | 8 | 5 | 8 |

### Utvikling frå 1990 – 2015

**Svært positiv**

### Utvikling frå 2006-2010 til 2011-2015

**Svært positiv**

Statens vegvesen

# Ulykkesbarometer for Hordaland 2015

**Kategori:** Aldersfordeling

**Tema:** 18 – 24 år

## Barometer




### Tal drepne og hardt skadde

| Totalt 1990 - 2015 | Gjennomsnitt | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 698 | 27 | 18 | 14 | 10 | 6 | 10 |

### Utvikling frå 1990 – 2015

**Svært positiv**

### Utvikling frå 2006-2010 til 2011-2015

**Svært positiv**

Statens vegvesen

# Ulykkesbarometer for Hordaland 2015

**Kategori:** Aldersfordeling

**Tema:** Over 64 år

## Barometer




### Tal drepne og hardt skadde

| Totalt 1990 - 2015 | Gjennomsnitt | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 678 | 26 | 24 | 25 | 27 | 22 | 18 |

### Utvikling frå 1990 – 2015

**Positiv**

### Utvikling frå 2006-2010 til 2011-2015

**Uendra**

Statens vegvesen

# Ulykkesbarometer for Hordaland 2015

**Kategori:** Vegklasse

**Tema:** Europa- og riksveger

## Barometer




### Tal drepne og hardt skadde

| Totalt 1990 - 2015 | Gjennomsnitt | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 927 | 36 | 42 | 39 | 25 | 28 | 22 |

### Utvikling frå 1990 – 2015

**Positiv**

### Utvikling frå 2006-2010 til 2011-2015

**Uendra**

Statens vegvesen

# Ulykkesbarometer for Hordaland 2015

**Kategori:** Vegklasse

**Tema:** Fylkesveg

## Barometer




### Tal drepne og hardt skadde

| Totalt 1990 - 2015 | Gjennomsnitt | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 1446 | 56 | 35 | 31 | 35 | 38 | 41 |

### Utvikling frå 1990 – 2015

**Svært positiv**

### Utvikling frå 2006-2010 til 2011-2015

**Svært positiv**

Statens vegvesen

# Ulykkesbarometer for Hordaland 2015

**Kategori:** Vegklasse

**Tema:** Kommunal veg

# Barometer




## Tal drepne og hardt skadde

| Totalt 1990 - 2015 | Gjennomsnitt | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 260 | 10 | 6 | 7 | 5 | 3 | 7 |

## Utvikling frå 1990 – 2015

**Svært positiv**

## Utvikling frå 2006-2010 til 2011-2015

**Uendra**

Statens vegvesen

# Ulykkesbarometer for Hordaland 2015

**Kategori:** Føreforhold

**Tema:** Tørr, bar veg

## Barometer




### Tal drepne og hardt skadde

| Totalt 1990 - 2015 | Gjennomsnitt | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 1499 | 58 | 42 | 34 | 34 | 47 | 39 |

### Utvikling frå 1990 – 2015

**Svært positiv**

### Utvikling frå 2006-2010 til 2011-2015

**Positiv**

Statens vegvesen

# Ulykkesbarometer for Hordaland 2015

**Kategori:** Føreforhold

**Tema:** Våt, bar veg

## Barometer




### Tal drepne og hardt skadde

| Totalt 1990 - 2015 | Gjennomsnitt | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 937 | 36 | 31 | 28 | 22 | 21 | 25 |

### Utvikling frå 1990 – 2015

**Svært positiv**

### Utvikling frå 2006-2010 til 2011-2015

**Positiv**

Statens vegvesen

# Ulykkesbarometer for Hordaland 2015

**Kategori:** Føreforhold

**Tema:** Snø og is

## Barometer




### Tal drepne og hardt skadde

| Totalt 1990 - 2015 | Gjennomsnitt | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 352 | 14 | 9 | 15 | 11 | 5 | 7 |

### Utvikling frå 1990 – 2015

**Positiv**

### Utvikling frå 2006-2010 til 2011-2015

**Uendra**

Statens vegvesen

# Ulykkesbarometer for Hordaland 2015

**Kategori:** Lystilhøve

**Tema:** Dagslys

## Barometer




### Tal drepne og hardt skadde

| Totalt 1990 - 2015 | Gjennomsnitt | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 1768 | 68 | 52 | 49 | 43 | 56 | 42 |

### Utvikling frå 1990 – 2015

**Svært positiv**

### Utvikling frå 2006-2010 til 2011-2015

**Positiv**

Statens vegvesen

# Ulykkesbarometer for Hordaland 2015

**Kategori:** Lystilhøve

**Tema:** Mørkt med veglys

## Barometer




### Tal drepne og hardt skadde

| Totalt 1990 - 2015 | Gjennomsnitt | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 613 | 24 | 19 | 31 | 14 | 10 | 19 |

### Utvikling frå 1990 – 2015

**Svært positiv**

### Utvikling frå 2006-2010 til 2011-2015

**Uendra**

Statens vegvesen

# Ulykkesbarometer for Hordaland 2015

**Kategori:** Lystilhøve

**Tema:** Mørkt utan veglys

## Barometer




### Tal drepne og hardt skadde

| Totalt 1990 - 2015 | Gjennomsnitt | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 303 | 12 | 8 | 7 | 10 | 2 | 6 |

### Utvikling frå 1990 – 2015

**Svært positiv**

### Utvikling frå 2006-2010 til 2011-2015

**Positiv**

Statens vegvesen

# Ulykkesbarometer for Hordaland 2015

**Kategori:** Tidsfordeling årstid

**Tema:** Vinter

## Barometer




### Tal drepne og hardt skadde

| Totalt 1990 - 2015 | Gjennomsnitt | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 625 | 24 | 14 | 18 | 21 | 18 | 15 |

### Utvikling frå 1990 – 2015

**Svært positiv**

### Utvikling frå 2006-2010 til 2011-2015

**Positiv**

Statens vegvesen

# Ulykkesbarometer for Hordaland 2015

**Kategori:** Tidsfordeling årstid

**Tema:** Vår

## Barometer




### Tal drepne og hardt skadde

| Totalt 1990 - 2015 | Gjennomsnitt | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 700 | 27 | 16 | 12 | 15 | 29 | 19 |

### Utvikling frå 1990 – 2015

**Svært positiv**

### Utvikling frå 2006-2010 til 2011-2015

**Uendra**

# Ulykkesbarometer for Hordaland 2015

**Kategori:** Tidsfordeling årstid

**Tema:** Sommar

## Barometer




### Tal drepne og hardt skadde

| Totalt 1990 - 2015 | Gjennomsnitt | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 902 | 35 | 33 | 33 | 22 | 17 | 22 |

### Utvikling frå 1990 – 2015

**Svært positiv**

### Utvikling frå 2006-2010 til 2011-2015

**Uendra**

Statens vegvesen

# Ulykkesbarometer for Hordaland 2015

**Kategori:** Tidsfordeling årstid

**Tema:** Haust

## Barometer




### Tal drepne og hardt skadde

| Totalt 1990 - 2015 | Gjennomsnitt | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 683 | 26 | 22 | 21 | 14 | 11 | 19 |

### Utvikling frå 1990 – 2015

**Svært positiv**

### Utvikling frå 2006-2010 til 2011-2015

**Positiv**

Statens vegvesen

# Ulykkesbarometer for Hordaland 2015

**Kategori:** Tidsfordeling veke

**Tema:** Kvardagar

## Barometer




### Tal drepne og hardt skadde

| Totalt 1990 - 2015 | Gjennomsnitt | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 1555 | 60 | 49 | 46 | 33 | 45 | 42 |

### Utvikling frå 1990 – 2015

**Svært positiv**

### Utvikling frå 2006-2010 til 2011-2015

**Positiv**

Statens vegvesen

# Ulykkesbarometer for Hordaland 2015

**Kategori:** Tidsfordeling veke

**Tema:** Helg

## Barometer




### Tal drepne og hardt skadde

| Totalt 1990 - 2015 | Gjennomsnitt | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 1355 | 52 | 36 | 38 | 39 | 30 | 33 |

### Utvikling frå 1990 – 2015

**Positiv**

### Utvikling frå 2006-2010 til 2011-2015

**Positiv**

# Ulykkesbarometer for Hordaland 2015

**Kategori:** Tidsfordeling døgn

**Tema:** Morgon og føremiddag

## Barometer




### Tal drepne og hardt skadde

| Totalt 1990 - 2015 | Gjennomsnitt | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 683 | 26 | 18 | 21 | 10 | 26 | 15 |

### Utvikling frå 1990 – 2015

**Svært positiv**

### Utvikling frå 2006-2010 til 2011-2015

**Uendra**

Statens vegvesen

# Ulykkesbarometer for Hordaland 2015

**Kategori:** Tidsfordeling døgn

**Tema:** Dag og ettermiddag

## Barometer




### Tal drepne og hardt skadde

| Totalt 1990 - 2015 | Gjennomsnitt | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 1497 | 58 | 49 | 46 | 43 | 41 | 46 |

### Utvikling frå 1990 – 2015

**Positiv**

### Utvikling frå 2006-2010 til 2011-2015

**Uendra**

# Ulykkesbarometer for Hordaland 2015

**Kategori:** Tidsfordeling døgn

**Tema:** Kveld og natt

## Barometer




### Tal drepne og hardt skadde

| Totalt 1990 - 2015 | Gjennomsnitt | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 707 | 27 | 18 | 17 | 19 | 8 | 14 |

### Utvikling frå 1990 – 2015

**Svært positiv**

### Utvikling frå 2006-2010 til 2011-2015

**Svært positiv**

Statens vegvesen

# Ulykkesbarometer for Hordaland 2015

**Kategori:** Vegstrekningar

**Tema:** Europaveg 39

## Barometer




### Tal drepne og hardt skadde

| Totalt 1990 - 2015 | Gjennomsnitt | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 339 | 13 | 15 | 17 | 12 | 12 | 8 |

### Utvikling frå 1990 – 2015

**Negativ**

### Utvikling frå 2006-2010 til 2011-2015

**Uendra**

Statens vegvesen

# Ulykkesbarometer for Hordaland 2015

**Kategori:** Vegstrekningar

**Tema:** Europaveg 16

## Barometer




### Tal drepne og hardt skadde

| Totalt 1990 - 2015 | Gjennomsnitt | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 252 | 10 | 17 | 12 | 5 | 11 | 3 |

### Utvikling frå 1990 – 2015

**Uendra**

### Utvikling frå 2006-2010 til 2011-2015

**Negativ**

Statens vegvesen

# Ulykkesbarometer for Hordaland 2015

**Kategori:** Vegstrekningar

**Tema:** Europaveg 134

## Barometer




### Tal drepne og hardt skadde

| Totalt 1990 - 2015 | Gjennomsnitt | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 83 | 3 | 1 | 2 | 1 | 1 | 2 |

### Utvikling frå 1990 – 2015

**Svært positiv**

### Utvikling frå 2006-2010 til 2011-2015

**Svært positiv**

Statens vegvesen

# Ulykkesbarometer for Hordaland 2015

**Kategori:** Vegstrekningar

**Tema:** Riksveg 7

## Barometer




### Tal drepne og hardt skadde

| Totalt 1990 - 2015 | Gjennomsnitt | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 48 | 2 | 0 | 2 | 1 | 1 | 1 |

### Utvikling frå 1990 – 2015

**Svært positiv**

### Utvikling frå 2006-2010 til 2011-2015

**Svært positiv**

Statens vegvesen

# Ulykkesbarometer for Hordaland 2015

**Kategori:** Vegstrekningar

**Tema:** Riksveg 13

## Barometer




### Tal drepne og hardt skadde

| Totalt 1990 - 2015 | Gjennomsnitt | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 72 | 3 | 2 | 1 | 3 | 1 | 6 |

### Utvikling frå 1990 – 2015

**Uendra**

### Utvikling frå 2006-2010 til 2011-2015

**Uendra**

Statens vegvesen
Region vest
Vegavdeling Hordaland
Askedalen 4 6863 LEIKANGER
Tlf: (+47 915) 02030
firmapost-vest@vegvesen.no

vegvesen.no

Trygt fram sammen

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

SAMFERDSELSAVDELINGA
Vegseksjonen - SAMF AVD

STATENS VEGVESEN
Postboks 8142 Dep
0033 OSLO

Dato: 11.07.2016
Vår ref.: 2014/18315-5
Saksbehandlar: lisadla
Dykkar ref.: 15/257542-6

Att. Tvenge Victoria Christine

# Svar på høyring - endring av vegtrafikkloven § 24

Det vert vist til dykkar høyringsbrev av 12. april 2016 vedkommande endring av vegtrafikkloven § 24.

Hordaland fylkeskommunen stiller seg bak forslaget om å kunne forskriftsfeste at kandidatar som vert teke i fusk til førarprøven må vente ei viss tid før dei kan gå opp til ny prøve. Og vidare, at det same skal gjelde dei som tek prøve med sikte på utrykningskompetansebevis og yrkessjåførarbevis. Etter Hordaland fylkeskommune si vurdering er det rimeleg å ha ein heimel som tilseier ei karantene på inntil eitt år i slike saker.

Utover dette har ikkje Hordaland fylkeskommune kommentarar til høyringsforslaget.

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Lise Fauskanger Ådlandsvik
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Arkivnr: 2014/1230-132

Saksbehandlar: Lise Fauskanger Ådlandsvik

**Saksframlegg**

**Saksgang**

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|---|---|---|
| Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland | 24/16 | 07.09.2016 |

# Søknad om tilskot til lokale trafikksikringsarrangement hausten 2016

**Samandrag**
Det er fastsett i Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland (2014-2017) at det årleg vert sett av 800.000 kr til tilskotsordninga til lokale trafikksikringsarrangement. Midlane skal nyttast til gjennomføring av trafikksikringsarrangement som er tufta på lokale initiativ, det vil seie trafikantretta tiltak (ikkje fysiske tiltak). Tilskotet er meint å vere ei støtte for å sikre høg trafikkfagleg kvalitet på tiltaket. Det er eit viktig prinsipp at Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) skal kunne vere ein bidragsytar ved lokale initiativ der haldningsskapande trafikksikringsarbeid vert sett på dagsorden.

Søknadsfristane for tilskotsordninga lokale trafikksikringsarrangement er i 2016 er sett til 1. januar og 1. august. Innan fristen 1. august kom det inn ni søknader, med ein søknadssum på totalt 636.750 kr. To av desse søknadane er handsama i eiga sak. Fylkesrådmannen rår til at seks av dei sju søkjarar i denne saka vert tildelt tilskot, med ein total tilskotsum på 239.250 kr.

**Forslag til vedtak**
Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) fordeler tilskot til lokale trafikksikringsarrangement for hausten 2016 slik;

| **Søkjar** | **Søknadssum** | **Tilskotssum** |
|---|---:|---:|
| Bømlo kommune | 30 000 | 30 000 |
| Ettertankens dag – Minnemarkering | 100 000 | 100 000 |
| FAU Knarvik ungdomsskule | 19 250 | 19 250 |
| FAU Rubbestadneset skule | 27 500 | 20 000 |
| Kløvheim bygdelag | 25 000 | 15 000 |
| Os kommune | 75 000 | 55 000 |

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Hordaland fylkeskommune**
SAMFERDSELSAVDELINGA
Agnes Mowinckels gate 5
PB 7900
5020 Bergen
Tlf: 55 23 90 00
e-post: hfk@hfk.no
**www.hordaland.no**
Org.nr. NO 938 626 367 mva.
Kontonr. 5201 06 74239

Vedlegg
1 Naturvernforbundet Hordaland. Søknadsskjema 2016 Tilskot til lokale trafikksikringsarrangement
2 Søknad om tilskot FAU Rubbestadneset skule
3 tilskottrafikksikringsarrangement
4 Søknadsskjema 2016. Tilskot til lokale trafikksikringsarrangement Os
5 Kløvheim bygdelag. Søknadsskjema 2016. Tilskot til lokale trafikksikringsarrangement
6 Søknad om Tilskot til lokale trafikksikringsarrangement - Innkjøp av refleksark
7 Tilskot til lokale trafikksikringsarrangement - Ettertankens dag i Hordaland

**Fylkesrådmannen, 15.08.2016**

**Bakgrunn**
Det er fastsett i handlingsplanen (2014-2017) at det årleg vert sett av 800.000 kr til tilskotsordninga til lokale trafikksikringsarrangement. Midlane skal nyttast til gjennomføring av trafikksikringsarrangement som er tufta på lokale initiativ, det vil seie trafikantretta tiltak (ikkje fysiske tiltak). Tilskotet er meint å vere ei støtte for å sikre høg trafikkfagleg kvalitet på tiltaket. Det er eit viktig prinsipp at Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) skal kunne vere ein bidragsytar ved lokale initiativ der haldningsskapande trafikksikringsarbeid vert sett på dagsorden.

Søknadsfristane i 2016 er sett til 1. januar og 1. august. Innan fristen 1. august kom det inn ni søknader, med ein søknadssum på totalt 636.750 kr. To av desse søknadane er handsama i eiga sak.

Det har over mange år vore dei same arrangementa som har søkt om tilskot, - noko som er positiv med tanke på lokalt initiativ og interesse, men samstundes er det viktig å ha krav til innhaldet i programmet, og sikre fokus på trafikksikringsdelen. I 2016 er det og kome til fleire nye søknader, og det kan difor synast som om ordninga er meir kjend.

**Kriteria for tilskotsordninga**
- Søknadsfrist to gongar i året. Det må søkjast på eige skjema.
- Utbetalinga skjer i etterkant av at rapporteringsskjema inkl. rekneskap er motteke.
- Arrangement med ei kostnadsråme på over 30.000 kr har krav om ein eigenandel på minimum 25%.
- Personalkostnader/eigeninnsats kan vere ein del av eigenandelen. Eigeninnsatsen (timar) må synleggjerast.
- Rett til å søkje: Kommunar, skular, barnehagar, lag/foreningar/organisasjonar.
- Tilskotmidlane kan ikkje dekke administrative kostnader og andre driftsutgifter.

**Oversikt over dei sju søknadane**

| | **Søkjar** | **Søknadssum** | **Totalkostnad** | **Krav om eigenandel** |
|---|---|---|---|---|
| a. | Bømlo kommune | 30 000 | 30 000 | |
| b. | Ettertankens dag - Minnemarkering | 100 000 | 280 000 | X |
| c. | FAU Knarvik ungdomsskule | 19 250 | 19 250 | |
| d. | FAU Rubbestadneset skule | 27 500 | 27 500 | |
| e. | Kløvheim bygdelag | 25 000 | 75 000 | X |
| f. | Naturvernforbundet Hordaland | 300 000 | 1 303 063 | X |
| g. | Os kommune | 75 000 | 100 000 | X |
| | **Totalt** | **576 750** | **1 554 813** | |

Som tabellen over viser så er dei sju resterande søknadane noko ulike både i fokus, omfang og kostnader. Tilskotet det vert søkt om varierer mellom 19.250 kr og 300.000 kr. Gjennom ei grovfordeling kan ein seie at

fem av tiltaka rettar seg mot skuleborn i regi av skular, kommunar og bygdelag (a, c, d, e, g), og har eit fokus på skuleveg og refleks. Dernest er det ei minnesamling for alle generasjonar (b). Vidare rettar eit av tiltaka seg mot ungdom og vaksne, og har fokus på sykkel (f).

*a. Bømlo kommune*
Bømlo kommune søkjer om tilskot på 30.000 kr til å markere refleksdagen hausten 2016. Totalkostnaden for arrangementet er 30.000 kr. Det vert opplyst at tilskotsmidlane frå FTU skal gå til innkjøp av reflekseffektar og leige av kulturhuset. Tiltaket har eit bra fokus, og vil famne alle generasjonar. Særleg positivt er det at ein har ei kopling til flyktningkonsulent og vaksenopplæringssenteret. Søkjaren er ny av året. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 30.000 kr.

*b. Ettertankens dag Hordaland*
Ettertankens dag Hordaland søkjer om tilskot på 100 000 kr. Totalkostnaden for arrangementet er 280 000 kr. Dette er eit tverrfagleg minnearrangement for omkomne i trafikken. Arrangementet finn stad i Bergen sentrum 19. januar 2017, og er og ope for alle. Ein startar med ei samling med lett matservering, og deretter vert det fakkeltog gjennom sentrum frå Bergen rådhus til Mariakirken. Det står femten samarbeidspartnarar bak dette arrangementet. Søkjaren vart i 2015 tildelt 100 000 kr til tilsvarande arrangement. Fylkesråd-mannen innstiller på eit tilskot på 100 000 kr.

*c. FAU Knarvik ungdomsskule*
FAU Knarvik ungdomsskule søkjer om tilskot på 19.250 kr til innkjøp av refleksark. Totalkostnaden for arrangementet er 19.250 kr. Skulen vil med dette lage eit opplegg rundt refleksdagen hausten 2016. Det er 350 elevar ved skulen. Tiltaket har eit bra fokus, og det er fint at skulen vil lage eit refleksopplegg for elevane. Søkjaren er ny av året. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 19.250 kr.

*d. FAU Rubbestadneset skule*
FAU Rubbestadneset skule søkjer om tilskot på 27.500 kr til å arrangere ein kampanje med målsetjing om å redusera foreldrekøyringa til eit minimum. Totalkostnaden for arrangementet er 27.500 kr. Som ein del av arrangementet vil skulen også kjøpe inn refleksar til utdeling. Tiltaket har eit bra fokus, og det er fint at skulen set fokus på foreldrekøyring. Det vert vist til at Trygg Trafikk skal ha innlegg med honorar og dekka reisepengar. Ut frå det Trygg Trafikk sjølv opplyser ligg ikkje dette inne i deira arbeid. Søkjaren er ny av året. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 20.000 kr.

*e. Kløvheim bygdelag*
Kløvheim bygdelag søkjer om tilskot på 25.000 kr til å arrangere refleksjakt for born. Totalkostnaden for arrangementet er 75.000 kr. Fylkesrådmannen ser positivt på at lokale bygdelag er oppteken av trafikktryggleik, og denne tilskotsordninga er meint til å stø opp om slike initiativ. Tilskotsmidlane som vert gjeve over denne ordninga skal i størst mogleg grad gå til «trafikksikringsdelen» av arrangementet, og at andre type arrangementsutgifter, marknadsføring osb. vert dekka av andre partar. Søkjaren fekk i 2014 tilskot til liknande arrangement. Ut frå dette innstiller fylkesrådmannen på eit tilskot på 15.000 kr.

*f. Naturvernforbundet Hordaland*
Naturvernforbundet Hordaland søkjer om tilskot på 300.000 kr til å utvikle kommunikasjon, arrangement og tiltak som bidreg til trygg trafikk gjennom «Prøvekjøre elsykkel Bergen/Hordaland». Totalkostnaden for prosjektet er 1.303.063 kr. I søknaden heiter det mellom anna:

*Gjennom prosjektet kan vi opparbeide en metodikk for hvordan trafikkopplæring kan integreres i tiltak for å øke bruken av bærekraftig transport blant ungdom. I 2016 ønsker vi å opparbeide samarbeid med en videregående skole, gjennomføre spørreundersøkelse og gruppeintervju blant ungdommene og danne en referansegruppe hvor vi sammen finne ut hvilke tiltak som kan gjennomføres. En samlet anbefales blir gjort tilgjengelig. Når dette arbeidet er gjort, og med forbehold om finansiering i 2017, kan vi i videre gjennomføre de anbefalte tiltakene. For å undersøke effekten av dem vil vi gjennomføre ny reisevaneundersøkelse og gruppeintervju. Erfaringene kan tas videre for å øke bevisstheten rundt bærekraftig og trafikksikker ferdsel blant ungdom på andre skoler.*

Fylkesrådmannen ser positivt på nye tiltak som kan få fleire til å sykle, og prosjektet som her ligg til grunn har ein stor folkehelse- og miljøgevinst, men i mindre føremonn eit særleg fokus på trafikktryggleik. Etter fylkesrådmannen si vurdering fell dette prosjektet utanom det som er rammevilkåra til denne

tilskotsordninga. Tilskotsordninga er meint som ei støtte til å kunne gjennomføre lokale, enkeltståande trafikksikringsarrangement. Større prosjekt som går over fleire år er ikkje ein del av målgruppa til denne ordninga. Det kan også nemnast at Hordaland fylkeskommune har gjeve tilskot til prosjektet på 100.000 kr i gjennom Klimaplan for Hordaland 2016.

*g. Os kommune*
Os kommune søkjer om tilskot på 75.000 kr. Totalkostnaden for arrangementet er 100.000 kr. Dette er eit tverrfagleg trafikksikringsarrangement over 2 dagar for elevar i 1., 5. og 10. klasse. Arrangementet framstår som eit godt tiltak, men mogleg noko høge driftskostnader, jf bussleige og servering. Os kommune fekk tilskot til same arrangementet i 2015, då med ein tilskotsum på 55.000 kr. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 55.000 kr.

**Fylkesrådmannen sine kommentarar**
Det er eit stort lokalt fokus på haldningsskapande trafikksikringsarbeid i Hordaland. Fylkesrådmannen ser at det over mange år vore dei same arrangementa som har søkt om tilskot, - noko som er positiv med tanke på lokalt initiativ og interesse, men samstundes er det viktig å ha krav til innhaldet i programmet, og sikre fokus på trafikksikringsdelen. Om eit arrangement har motteke støtte eit år, så set det likevel krav til innhaldet og fokuset i arrangementet for å kunne motta støtte seinare år.

Fylkesrådmannen ser det som svært positivt at det har kome inn søknader frå alle delane av fylket, og at det denne hausten er det fleire nye arrangement som har søkt om tilskot. Det kan difor synast som om tilskotsordninga har vorte betre kjend.

Variasjonen i type arrangement gjer det utfordrande å vurdere *kvaliteten* på trafikksikringsdelen i tiltaket. Haldningsskapande trafikksikringsarbeid er eit kontinuerleg arbeid, som ikkje kan målast i konkrete effektar av tiltaket. Dette er det viktig å ha med seg inni vurderinga av søknadane. Grunnlaget for fylkesrådmannen si vurdering av søknadane er at tilskotet som vert gjeve skal vere ei støtte for å sikre høg trafikkfagleg kvalitet på arrangementet. Vidare gjev kriteriet om at tilskotet ikkje kan nyttast til administrative kostnader og andre driftsutgifter føringar for tilskotssummen. Med det forstår ein at midlane frå FTU i fyrste omgang skal nyttast til den trafikkfaglege delen, og i mindre grad til det andre delar av arrangementet, slik som for eksempel til mat/drikke og marknadsføring. Vidare vurderer fylkesrådmannen det også slik at det er grunnlag for å vere noko tilbakehalden med at mindre arrangement skal få store midlar til premiering.

Etter fylkesrådmannen sitt syn må også talet på deltakarar sjåast i samanheng med storleiken på tilskotssummen. I fylkesrådmannen si vurdering har ein i særleg grad sett same type arrangement under eitt. Fylkesrådmannen har i si handsaming av søknadane hausten 2016 vurdert kvar søknad for seg, men har sett tilsvarande arrangement i samanheng.

Fylkesrådmannen rår til at seks søkjarar vert tildelt tilskot, med ein total tilskotsum på 239.250 kr. Dette inneber at ein i budsjettet har att 165.750 kr. Desse midlane vil nyttast til å annonsere i lokalavisene for tilskotsordninga i desember 2016. Søknadsfristen er 01.01.2017.

FTU
FYLKESTRAFIKKSIKRINGSUTVALET I HORDALAND

# Søknad om tilskot til lokalt trafikksikringsarrangement - 2016

Søknaden skal sendast til:

Elektronisk adresse: hfk@hfk.no

Søknad merkast med: *"Tilskot til lokale trafikksikringsarrangement – søknad om tilskot (FTU) – ref. 2014/1230"*

Stad og dato: Bergen, 1.08.2016…………………………………………………………………………………

**Namn på arrangement** Utvikle kommunikasjon, arrangementer og tiltak som bidrar til trygg trafikk gjennom Prøvekjøre elsykkel Bergen/Hordaland 2016

| Søknaden gjeld følgjande type arrangement og trafikantar | Set kryss |
|---|---|
| **Samarbeidspartnarar – korleis deltek dei?**<br>Samarbeidspartnere: Autoriserte Trafikkskolers Landsforbund (ATL), Bergen Brannvesen, Bergen Kommune Trafikketaten, Bjørgvin Bispedømme, Fylkesmannen i Hordaland, Gjensidige Forsikring, Helse Bergen ved ambulansetjenesten Haukeland Universitetssykehus, Hordaland Politidistrikt, Hordaland Fylkeskommune, Norge Lastebileier-Forbund (NLF), Norges Automobil-Forbund (NAF), Norsk Luftambulanse (NLA), Statens Vegvesen (SVEG), Trygg Trafikk (T.T)<br><br>I Arbeidsutvalget (AU) sitter Bergen Brannvesen, Bergen Kommune Trafikketaten, NAF, Kirken og Trygg Trafikk. AU styrer prosjektet etter fullmakt fra alle samarbeidspartnerne.<br><br>Øvrige samarbeidspartnere deltar aktivt i prosjektet og har diverse oppgaver relatert til sin funksjon under arrangementet. |
| Har det vore søkt om midlar til dette arrangementet tidlegare? X Ja ☐ Nei |

| Planlagt start | Planlagt slutt |
|---|---|
| Prosjektstart juni.2016<br>Arrangementet starter torsdag 19.januar kl.16:00 | Januar 2017<br>19.januar kl.21:00 med evaluering i etterkant av arrangementet |

Namn på kommune og stad der arrangementet skal gjennomførast
Bergen kommune og Bergen sentrum (Rådhuset og Mariakirken/Korskirken)

| Budsjett med finansieringsplan; spesifiser inntekter og utgifter | | |
|---|---|---|
| **Type midlar** | **Utgifter** | **Inntekter** |
| Fakler | Kr. 10 000,- | |
| Blomster til Rådhus og kirke | Kr. 10 000,- | |
| Musikk i Rådhus og kirke | Kr. 15 000,- | |
| Annonsering (BT og BA) | Kr. 20 000,- | |
| Mat | Kr. 50 000,- | |
| Regnskapsutgifter | Kr. 2 500,- | |
| *Eigenandel, min. 25% (ved totalkostnad over 30.000 kr): | | |
| Lønnsutgifter | Kr. 180 000,- | |
| 300 timer a kr. 600,- | | |
| Tilskudd FTU | | Kr. 100 000,- |
| **Søknadssum:** | Kr. 100 000,- | |
| **Totalkostand:** | Kr. 280 000 | |
| *Personalkostnader/eigeninnsats vert rekna med timepris som utgjer 1,2 ‰ av årslønn, maks kr 1100 pr time, dette inkluderer normale administrative kostnader og andre overheadkostnader. | | |

## Meir informasjon om tilskotsordninga og søknaden

Søknadsfrist to gonger i året. Det må søkjast på eige skjema.

Rett til å søkje: Kommunar, skular, barnehagar, lag/foreningar/organisasjonar.

Arrangement med ei kostnadsråme på over 30.000 kr har krav om ein eigenandel på minimum 25%.

Tilskotsmidlane kan ikkje dekkje administrative kostander og andre driftsutgifter.

Om søknaden ikkje er fullstendig utfylt, eller det manglar relevante opplysningar, kan det ventast at den ikkje vert handsama.

## Meir informasjon rapportering og utbetaling

Søkjarar som får innvilga tilskot, skal levere kortfatta rapport på eige skjema for bruk av tilskotet, samt eit rekneskap. Dette skal gjerast så snart arrangementet er avslutta, men seinast innan 2 månader etter arrangementet er avslutta. Dersom rapport ikkje er levert innan fristen er det grunnlag for at evt. søknad ved seinare høve ikkje vert handsama.

Utbetaling av tilskotet skjer når rapporteringsskjema med rekneskap er sendt inn.

**Hordaland fylkeskommune**
Agnes Mowinckels gate 5
PB 7900
5020 Bergen
Tlf: 55 23 90 00
e-post: hfk@hfk.no
**www.hordaland.no**
Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.
Kontonr. 5201 06 74239

HORDALAND FYLKESKOMMUNE | SAMFERDSELSAVDELINGA

Arkivnr: 2014/13889-43

Saksbehandlar: Lise Fauskanger Ådlandsvik

**Saksframlegg**

**Saksgang**

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|---|---|---|
| Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland | 25/16 | 07.09.2016 |

# Eigen barnehagekampanje som del av relansering av Barnas Trafikklubb og omdisponering av budsjettmidlar 2016

## Samandrag

Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) har i sitt budsjett (PS 5/16) for 2016 sett av 230.000 kr til *Kampanjearbeid (haldningsskapande trafikksikringsarbeid)*. I saka er det ikkje spesifisert kva midlane skal nyttast til, og fylkesrådmannen legg med dette fram eit forslag om at FTU nyttar midlane til ein eigen barnehage-kampanje for alle dei 600 barnehagane i fylket i samband med Trygg Trafikk si relansering av Barnas Trafikklubb.

I tillegg viser rekneskapet for FTU så langt at det grunnlag for å omdisponere noko innanfor dei ulike postane i FTU sitt budsjett. Fyrst og fremst gjeld posten *Trafikksikker kommune* der det er sett av 300.000 kr. Arbeidet med trafikksikker kommune har teke lenger tid enn føresett, og det ligg her an til eit mindre-forbruk på 100.000 kr ettersom ingen kommunar vil verte godkjente denne hausten. Dersom denne posten vert omdisponert til *Kampanjearbeid (haldningsskapande trafikksikringsarbeid)* har FTU 330.000 kr til rådevelde til ein barnehagekampanje.

Vidare kan det synast som det vert nokre ledige midlar på nokre av dei andre postane i FTU sitt budsjett. I sum vil desse mindreforbruka kunne utgjere nok til at dei kan gå inn som ein del av denne barnehage-kampanjen. Dette gjeld i hovudsak postane *Diverse* og *Kurs og konferansar*. Dersom desse mindreforbruka vert omdisponert til *Kampanjearbeid (haldningsskapande trafikksikringsarbeid)* har FTU 450.000 kr til rådevelde til ein barnehagekampanje.

Fleire av dei postane som det er venta mindreforbruk på er tett knytt til lokalt trafikksikringsarbeid i kommunane, og kan med det koplast til ei styrking av trafikksikringsarbeidet i barnehagane hausten 2016.

## Forslag til vedtak

1. FTU vil hausten 2016 setje eit ekstra fokus på trafikksikringsarbeidet i barnehagane, og i samband med relanseringa av Barnas Trafikklubb vil FTU gje alle barnehagane i fylket ei gåve med trafikksikringsmateriell.
2. FTU omdisponerer det venta mindreforbruket på postane Trafikksikker kommune og Kurs og konferansar, og fører dette over til posten Kampanjearbeid (haldningsskapande trafikksikringsarbeid).
3. FTU set av totalt 450.000 kr til ei gåve med trafikksikringsmateriell til alle barnehagane i fylket.

**Hordaland fylkeskommune**
SAMFERDSELSAVDELINGA

Agnes Mowinckels gate 5
PB 7900
5020 Bergen

Tlf: 55 23 90 00
e-post: hfk@hfk.no
**www.hordaland.no**

Org.nr. NO 938 626 367 mva.
Kontonr. 5201 06 74239

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 22.08.2016**

**Bakgrunn**
Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) har i sitt budsjett (PS 5/16) for 2016 sett av 230.000 kr til *Kampanjearbeid (haldningsskapande trafikksikringsarbeid)*. I saka er det ikkje spesifisert kva midlane skal nyttast til, og fylkesrådmannen legg med dette fram eit forslag om at FTU nyttar midlane til ein eigen barnehage-kampanje for alle dei 600 barnehagane i fylket i samband med Trygg Trafikk si relansering av Barnas Trafikklubb.

I tillegg viser rekneskapet for FTU så langt at det grunnlag for å omdisponere noko innanfor dei ulike postane i FTU sitt budsjett. Fyrst og fremst gjeld posten *Trafikksikker kommune* der det er sett av 300.000 kr. Arbeidet med trafikksikker kommune har teke lenger tid enn føresett, og det ligg her an til eit mindre-forbruk på 100.000 kr. Dersom denne posten vert omdisponert til *Kampanjearbeid (haldningsskapande trafikksikringsarbeid)* har FTU 330.000 kr til rådevelde til ein barnehagekampanje.

Vidare kan det synast som det vert nokre ledige midlar på nokre av dei andre postane i FTU sitt budsjett. I sum vil desse mindreforbruka kunne utgjere nok til at dei kan gå inn som ein del av denne barnehage-kampanjen. Dette gjeld i hovudsak postane *Diverse* og *Kurs og konferansar*. Dersom desse mindreforbruka vert omdisponert til *Kampanjearbeid (haldningsskapande trafikksikringsarbeid)* har FTU 450.000 kr til rådevelde til ein barnehagekampanje.

Fleire av dei postane som det er venta mindreforbruk på er tett knytt til lokalt trafikksikringsarbeid i kommunane, og kan med det koplast til ei styrking av trafikksikringsarbeidet i barnehagane hausten 2016.

**Om Barnas Trafikklubb**
Ti år etter at Trygg Trafikk vart etablert (1956), starta dei opp Barnas Trafikklubb. Motivasjonen bak oppstarten var det høge talet på trafikkdrepte born trafikken, - i 1965 mista 50 born under sju år livet i trafikken. Som medlem i Barnas Trafikklubb fekk borna tilsendt bøker, spel og kassettar osb. for å kunne lære meir om trafikk. Barnas Trafikklubb har vore gjennom større omleggingar fleire gonger sidan 1966. Ei av dei største endringane var då klubben vart nettbasert i 2007. Det er kostnadsfritt å vere medlem i Barnas Trafikklubb.

Som ein del av 50-års markeringa vert det også relansert ein ny trafikklubb for borna. Med nye Barnas Trafikklubb ønskjer Trygg Trafikk å støtte arbeidet med å integrere trafikk på ein naturleg måte i årsplanen og i foreldresamarbeidet i barnehagen. Målet er å auke born si forståing for kva som er trygt og farleg i trafikken. Det skal skje på ein måte borna sjølv synest er morosam og interessant. I den nye trafikklubben vil også årsplanen følgje dei norske årstidene, - med seks faste tema i kvar årstid. I sum utgjer dette 24 oppdrag i løpet av året. Med ny klubb kjem det også nye figurar med, - som trafikkvenen Lyset. Lyset er eitt aktivt og nyfikent trafikklys som vil borna vel i trafikken, og vil verte utforma som ei handdukke.

**Om midlane til kampanjearbeid og forslaget om ein barnehagekampanje**
I FTU sitt budsjett for 2016 (PS 5/16) vart det sett av 230.000 kr til kampanjearbeid. I saksframlegget heiter det følgjande:

*Kampanjearbeid (haldningsskapande trafikksikringsarbeid)*
*Det haldningsskapande trafikksikringsarbeidet er ein del av FTU sitt arbeid. Det er sett av 230.000 kr til kampanjearbeidet.*

Det er førebels ikkje nytta midlar over denne posten. I denne saka vert det lagt fram eit forslag der ein nyttar kampanjemidlane for 2016 til å gje alle barnehagane i fylket ei gåve med trafikksikringsmateriell. I samband med Trygg Trafikk si relansering av Barnas Trafikklubb, vert det difor lagt fram forslag om at FTU lanserar ein barnehagekampanje der alle barnehagane i fylket får tilsendt ei gåve med trafikksikringsmateriell. Mykje av dette materiellet er allereie klart, men ikkje alt. Trygg Trafikk arbeider no med ein prototype av handdukka (Lyset), og på grunn av leveranse i utlandet tek dette tid. Så snart denne er klar kan gåvene sendast ut.

Saman med utsendinga vil det gå eit eige følgjebrev som gjer greie for gåva. Medlemmene i FTU står fritt i å ta del i markeringa/utdelinga i barnehagane. Med utgangspunkt i dei 600 barnehagane i Hordaland, og ein avtale om at det er Trygg Trafikk sentralt (Oslo) som skal ta hand om pakking og utsending, har fylkesrådmannen har fått framlagt fleire ulike pakketilbod:

Tilbod 1.
Pakke på 230.000,- kr

Tilbod 2.
Pakke på 330.000,- kr

Tilbod 3.
Pakke på 450.000,- kr

**Om dei aktuelle postane som kan omdisponerast**
Som nemnd viser førebels rekneskap for FTU at det er venta eit mindreforbruk på nokre av postane, og det er difor grunnlag for å omdisponere innanfor budsjettet.

I FTU sitt budsjett for 2016 (PS 5/16) vart det mellom anna sett av midlar til posten *Trafikksikker kommune*, og i saksframlegget heite det mellom anna følgjande:

*Trafikksikre kommunar*
*Dette er eit nytt prosjekt i denne planperioden, og arbeidet er difor inne i fyrste fase. Hausten 2014 vart det etablert eit pilotprosjekt for trafikksikre kommunar med FTU som prosjekteigar. Vaksdal kommune er godkjent og det er von om at to andre pilotkommunane vert godkjent i løpet av året. Samstundes kjem nye kommunar kjem inn i arbeidet frå vinteren 2016. Ved signering av intensjonsavtalen vert det utbetalt 25.000 kr, og ved godkjenning vert dei resterande 75.000 kr utbetalt. Det er sett av 300.000 kr til tiltaket.*

Per 22. august er det nytta 200.000 kr over denne posten, med følgjande fordeling:
Godkjenning av Austrheim kommune – 75.000 kr
Godkjenning av Lindås kommune – 75.000 kr
Intensjonsavtale med Bømlo kommune – 25.000 kr

Arbeidet med trafikksikker kommune har teke lenger tid enn føresett, og det ligg her an til eit mindreforbruk på 100.000 kr ettersom ingen kommunar vil verte godkjente denne hausten. Dersom denne posten vert omdisponert til *Kampanjearbeid (haldningsskapande trafikksikringsarbeid)* har FTU 330.000 kr til rådevelde til ein barnehagekampanje, jf Tilbod 2.

Vidare kan det synast som det vert nokre ledige midlar på nokre av dei andre postane i FTU sitt budsjett også, og i sum vil desse mindreforbruka kunne utgjere nok til at dei kan gå inn som ein del av denne barnehagekampanjen. Dei to største postane det her er snakk om er postane *Diverse* og *Kurs og konferansar*.

Når det gjeld posten *Diverse* vart det sett av 105.500 kr i budsjettet, og per 22. august er det nytta omlag 20.000 kr. I saksframlegget i budsjettsaka (PS 5/16) heiter det følgjande:

*Diverse*
*Midlane går til annonsering, diverse driftsutgifter og medlemskontingent i Trygg Trafikk. Denne posten kan også nyttast til aktuelle trafikksikringstiltak/-prosjekt FTU ønskjer å støtte, men som det ikkje er sett av midlar til i budsjettet. Det er sett av 105.500 kr.*

På posten *Kurs og konferansar* (70.000 kr) er det per no ikkje nytta nokre midlar, men det er venta at om lag halvparten vil gå med til å arrangere Trafikksikringskonferansen for kommunane i Hordaland den 23. november.

I tillegg er det fleire postar der det ut frå erfaring kan verte ledige midlar på slutten av året. Dersom desse mindreforbruka vert omdisponert til *Kampanjearbeid (haldningsskapande trafikksikringsarbeid)* har FTU 450.000 kr til rådevelde til ein barnehagekampanje, jf Tilbod 3.

Merk at fleire av dei postane som det er venta mindreforbruk på er tett knytt til lokalt trafikksikringsarbeid i kommunane, og kan med det koplast til ei styrking av trafikksikringsarbeidet i barnehagane hausten 2016.

**Fylkesrådmannen sine kommentarar**
Det er ei viktig oppgåve å leggje til rette slik at dei yngste får eit godt grunnlag for å verte kunnskapsrike og ansvarsfulle trafikantar. I og med at dei aller fleste borna mellom 3-6 år går i barnehage, er dette eit viktig arena for å setje trafikk på dagsorden. Trygg Trafikk har gjennom dei siste 60 år vore ein vesentleg pådrivar og kunnskapskanal for trafikksikringsarbeid mellom born, og Barnas Trafikklubb har i generasjonar vore eit viktig verktøy.

Fylkeskommunen har gjennom sitt overordna trafikksikringsansvar ei rolle inn trafikkopplæringa for born og unge, og FTU har høve til å setje viktige grupper på agendaen. Det er ikkje tvil om at trafikksikringsarbeidet mellom born og unge alltid vil stå i ei særstilling når det gjeld haldningsskapande trafikksikringstiltak. Når ein trafikksikringsaktør i tillegg står føre eit prosjekt som vil vere med å løfte dette arbeidet så er det etter fylkesrådmannen sitt syn utelukkande gode grunnar til at FTU gjennom sitt ansvar byggjer oppunder tiltaket gjennom sine ressursar.

Når det så denne hausten legg seg slik at FTU kan gje alle barnehagane trafikksikringsmateriell som eit kombinasjonstillegg til at Barnas Trafikklubb vert relansert, så er det fylkesrådmannen si meining at FTU bør nytte dette høvet. Ut frå dei økonomiske råmene som FTU har så rår fylkesrådmannen til at FTU nyttar 450.000 kr (Tilbod 3) til denne kampanjen.

TRYGG TRAFIKK

Hordaland fylkeskommune ved Fylkestrafikksikringsutvalet
Att: Lise Fauskanger Ådlandsvik
Dato: 29.08.2016
Vår ref: Kristin Eli Strømme

Tollbugata 32
Postboks 277, Oslo Sentrum
0103 Oslo, Norge

Tlf: +47 22 40 40 40
hovedkontor@tryggtrafikk.no
www.tryggtrafikk.no

# Innkjøp av materiell til barnehagekampanje i Hordaland

Vi viser til synt interesse frå FTU i Hordaland med ynskje om å gjennomføre ein barnehagekampanje i samband med lansering av nye Barnas Trafikklubb.

Barnas Trafikklubb feirar femtiårsjubileum i 2016. Markeringa nyttar vi til å lansere ny trafikklubb for barna. Satsinga er særleg retta mot barnehagane, sidan dei fleste barn i alderen 3-6 går i barnehage. Med ny trafikklubb kjem eit nytt trafikkunivers med eige pedagogisk opplegg, tilbod på nett, trykt materiell, nye figurar med vidare.

Trafikksikring og trafikkopplæring for barn er ei prioritert oppgåve, og Trygg Trafikk er glade for at FTU i Hordaland ønskjer å vurdere utsending til barnehagane i fylket.

Hordaland har ca. 550 barnehagar fordelt over heile fylket, og vi tilpassar tilbod til kvar barnehage noko ut ifrå kva ramme FTU ser for seg å nytte på dette. Når det kjem til tilbod til barnehagane, er fleire produkt klare, mens andre produkt truleg først er klare våren 2017. Ut ifrå produktutviklinga og for å minne barnehagane om arbeidet med trafikk, vil det ideelle vere å ha to utsendingar i barnehagekampanjen: Ei utsending i 2016 og ei utsending i første halvår 2017.

Ut ifrå ein slik plan ser me for oss følgjande alternativ for kampanjen:

Alternativ 1:
Ei ramme på totalt 230 000,-
Fordelt på ca. 550 barnehagar gir det ei ramme på ca. 418,- pr. barnehage inkl. frakt.

Alternativ 2:
Ei ramme på totalt 330 000,-
Fordelt på ca. 550 barnehagar gir det ei ramme på inntil 600,- pr. barnehage inkl. frakt.

Alternativ 3:
Ei ramme på inntil 450 000,-
Fordelt på ca. 550 barnehagar gir det ei ramme på inntil 818,- pr. barnehage inkl. frakt.

I pakkealternativa inngår også kostnader til pakking og utsending til barnehagane.

Med venleg helsing
Trygg Trafikk

Kristin Eli Strømme
Opplæringssjef
Tel: (+47) 900 33 861
E-post: stroemme@tryggtrafikk.no

HORDALAND FYLKESKOMMUNE | SAMFERDSELSAVDELINGA

Arkivnr: 2014/1230-134

Saksbehandlar: Lise Fauskanger Ådlandsvik

**Saksframlegg**

**Saksgang**

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|---|---|---|
| Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland | | 07.09.2016 |

## Søknad om tilskot til teaterframsyning og trafikkurs – lokale trafikksikringsarrangement hausten 2016


**Samandrag**

Det er fastsett i Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland (2014-2017) at det årleg vert sett av 800.000 kr til tilskotsordninga til lokale trafikksikringsarrangement. Midlane skal nyttast til gjennomføring av trafikksikringsarrangement som er tufta på lokale initiativ, det vil seie trafikantretta tiltak (ikkje fysiske tiltak). Tilskotet er meint å vere ei støtte for å sikre høg trafikkfagleg kvalitet på tiltaket. Det er eit viktig prinsipp at Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) skal kunne vere ein bidragsytar ved lokale initiativ der haldningsskapande trafikksikringsarbeid vert sett på dagsorden.

Våren 2016 vart 12 ulike arrangement tildelt tilskot, med ein total tilskotsum på 345.000 kr, jf sak PS 9/16.

Søknadsfristane for tilskotsordninga lokale trafikksikringsarrangement er i 2016 er sett til 1. januar og 1. august. Når det gjeld søknadane for hausten 2016 (1/8) er det for to av søknadane avgjerande med rask handsaming, på grunn av arrangementstidspunkta, og søknadane vert difor handsama særskilt.


**Forslag til vedtak**

1. Fitjar Festivalforening vert tildelt tilskot på 10 000 kr til teaterframsyning for born.
2. Knarvikmila Ungdomsløpet vert tildelt tilskot på 40 000 kr til trafikkurs for 10. klassingar.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*


**Hordaland fylkeskommune**
SAMFERDSELSAVDELINGA

Agnes Mowinckels gate 5
PB 7900
5020 Bergen

Tlf: 55 23 90 00
e-post: hfk@hfk.no
**www.hordaland.no**

Org.nr. NO 938 626 367 mva.
Kontonr. 5201 06 74239

**Fylkesrådmannen, 18.07.2016**
**Bakgrunn**
Det er fastsett i Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland (2014-2017) at det årleg vert sett av 800.000 kr til tilskotsordninga til lokale trafikksikringsarrangement. Midlane skal nyttast til gjennomføring av trafikksikringsarrangement som er tufta på lokale initiativ, det vil seie trafikantretta tiltak (ikkje fysiske tiltak). Tilskotet er meint å vere ei støtte for å sikre høg trafikkfagleg kvalitet på tiltaket. Det er eit viktig prinsipp at Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) skal kunne vere ein bidragsytar ved lokale initiativ der haldningsskapande trafikksikringsarbeid vert sett på dagsorden.

Våren 2016 vart 12 ulike arrangement tildelt tilskot, med ein total tilskotsum på 345.000 kr, jf sak PS 9/16.

Søknadsfristane for tilskotsordninga lokale trafikksikringsarrangement er i 2016 er sett til 1. januar og 1. august. Når det gjeld søknadane for hausten 2016 (1/8) er det for to av søknadane avgjerande med rask handsaming, på grunn av arrangementstidspunkta, og søknadane vert difor handsama særskilt.

**Kriteria for tilskotsordninga**
- Søknadsfrist to gonger i året. Det må søkjast på eige skjema.
- Utbetalinga skjer i etterkant av at rapporteringsskjema inkl. rekneskap er motteke.
- Arrangement med ei kostnadsråme på over 30.000 kr har krav om ein eigenandel på minimum 25%.
- Personalkostnader/eigeninnsats kan vere ein del av eigenandelen. Eigeninnsats (timar) må synleggjerast.
- Rett til å søkje: Kommunar, skular, barnehagar, lag/foreningar/organisasjonar.
- Tilskotmidlane kan ikkje dekke administrative kostnader og andre driftsutgifter.

**Om søknadane**
*a. Fitjar Festivalforening*
Fitjar Festivalforening søkjer om tilskot på 10 000 kr til å setje opp ei gratis teaterframsyning for småborn og foreldre. Arbeidsinnvandrarar med born og nye flyktningfamiliar vert særleg invitert. Framsyninga heiter «Rødt lys», og har fokus på trafikktryggleik. Arrangementet finn stad 13. august. Søkjaren er ny av året. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 10 000 kr.

*b. Knarvikmila Ungdomsløpet*
Knarvikmila Ungdomsløpet søkjer om tilskot på 50 000 kr trafikkurs for 10. klassingar. Totalt 2000 elevar deltek på Ungdomsløpet (8.-10. klasse). Totalkostnaden for arrangementet er 547 000 kr. Dette er eit årleg arrangement som er ein del av Knarvikmila. Det går ikkje fram av søknaden kva tilskotsmidlane frå FTU spesifikt skal nyttast til. Arrangementet finn stad 2. september. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 40 000 kr.

**Fylkesrådmannen sine kommentarar**
Det er eit stort lokalt fokus på haldningsskapande trafikksikringsarbeid i Hordaland. Fylkesrådmannen ser at det over mange år vore dei same arrangementa som har søkt om tilskot, - noko som er positiv med tanke på lokalt initiativ og interesse, men samstundes er det viktig å ha krav til innhaldet i programmet, og sikre fokus på trafikksikringsdelen. Om eit arrangement har motteke støtte eit år, så set det likevel krav til innhaldet og fokuset i arrangementet for å kunne motta støtte seinare år.

Søknaden frå Fitjar Festivalforening er ny av året. Etter fylkesrådmannen sitt syn kan ei teaterframsyning vere ein god måte å formidle kunnskap om trafikktryggleik til dei aller minste på. FTU har også støtta liknande teaterarrangement tidlegare. Det er positivt at arrangementet har eit særleg fokus på å inkludere arbeidsinnvandrarar og flyktningar.

Når det gjeld Knarvikmila Ungdomsløpet så har fylkeskommunen gjeve støtte til dette arrangementet tidlegare. Trafikkurset er utvikla over tid, og fylkesrådmannen har tiltru til at dette kan vere eit godt forum å løfte fram fokuset på trafikktryggleik. Samstundes er trafikkurset berre ein liten del av eit stort arrangement, og omfattar berre 1/3 av elevane som deltek. I søknaden går det i liten grad fram kva tilskotsmidlane konkret skal nyttast til. Ved tildeling av midlar til trafikksikringsarrangement er det viktig at midlane i størst mogleg grad vert nytta til akkurat dette føremålet, og ikkje til andre delar av arrangementet. Ut frå dette innstiller fylkesrådmannen på 40 000 kr.

Fylkesrådmannen innstiller på å tildele begge arrangementa tilskot, med ein total tilskotssum på 50 000 kr.

HORDALAND FYLKESKOMMUNE | SAMFERDSELSAVDELINGA

Arkivnr: 2014/13889-47
Saksbehandlar: Lise Fauskanger Ådlandsvik

**Saksframlegg**

**Saksgang**

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|---|---|---|
| Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland | 28/16 | 07.09.2016 |

## Opplæring i trafikktryggleik i den vidaregåande skulen - bruk av midlar

### Samandrag

Fylkestinget vedtok i sak (PS 95/2015) å setje av 200.000 kr til *Opplæring i trafikktryggleik i vgs*. Det er Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) som har fått ansvaret for desse midlane, og det er no tid for å konkretisere kva midlane skal nyttast til. Det er krevjande å etablere eit opplegg som famnar alle dei omlag 17 000 elevane i den vidaregåande skulen, med all sin variasjon og kompleksitet. Dei haldningsskapande trafikksikringstiltaka for denne aldersgruppa spenner vidt, og med god grunn, for det er eit sett av ulike tiltak som til saman gjev eit heilskapleg bilete. Ein viktig premiss er å kunne nå ungdommane på deira eigen arena, gjennom eit formspråk som dei kan kjenne seg igjen i.

Ungdom og trafikktryggleik er eit alltid like aktuelt tema, og trafikktryggleik for denne aldersgruppa handlar i stor grad om risikoforståing, haldningar og åtferd. Ulykkesstatistikken for Hordaland viser at totalt sett har talet på alvorlege ungdomsulykker (18-24 år) gått markert ned (1990-2015), men tala viser likevel at ein må halde fokuset oppe. I snitt har ulykkestalet for denne aldersgruppa halde seg jamt dei siste fem åra.

Det er nærliggjande å kople ein kampanje retta mot denne aldersgruppa til fart og rus, saman med risikoforståing. Dei seinare åra Hordaland opplevd fleire alvorlege ungdomsulykker, og nokre av desse har også vore knytt til den vidaregåande skulen og russefeiring. Ut frå dette vert det difor lagt opp til å bruke dei 200.000 kr til lage ein enkel filmsnutt som kan delast gjennom sosiale media. Filmsnutten kan også kunne nyttast i undervisninga, og på skjermar som skulen har på skuleområdet.

### Forslag til vedtak

1. FTU sluttar seg til at det vert laga ein filmsnutt om trafikktryggleik retta mot elevar i den vidaregåande skulen som ein del av arbeidet med trafikktryggleik i den vidaregåande skulen.
2. Fylkesrådmannen vil komme attende med ein heilskapleg kampanje retta mot vidaregåande skule i samband med FTU sitt budsjett for 2017.

**Hordaland fylkeskommune**
SAMFERDSELSAVDELINGA
Agnes Mowinckels gate 5
PB 7900
5020 Bergen
Tlf: 55 23 90 00
e-post: hfk@hfk.no
**www.hordaland.no**
Org.nr. NO 938 626 367 mva.
Kontonr. 5201 06 74239

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 23.08.2016**

**Bakgrunn**
Fylkestinget vedtok i sak (PS 95/2015) å setje av 200.000 kr til *Opplæring i trafikktryggleik i vgs*. Det er Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) som har fått ansvaret for desse midlane, og det er no tid for å konkretisere kva midlane skal nyttast til. Det er krevjande å etablere eit opplegg som famnar alle dei omlag 17 000 elevane i den vidaregåande skulen, med all sin variasjon og kompleksitet. Dei haldningsskapande trafikksikringstiltaka for denne aldersgruppa spenner vidt, og med god grunn, for det er eit sett av ulike tiltak som til saman gjev eit heilskapleg bilete. Ein viktig premiss er å kunne nå ungdommane på deira eigen arena, gjennom eit formspråk som dei kan kjenne seg igjen i.

Ungdom og trafikktryggleik er eit alltid like aktuelt tema, og trafikktryggleik for denne aldersgruppa handlar i stor grad om risikoforståing, haldningar og åtferd. Ulykkesstatistikken for Hordaland viser at totalt sett har talet på alvorlege ungdomsulykker (18-24 år) gått markert ned (1990-2015), men tala viser likevel at ein må halde fokuset oppe. I snitt har ulykkestalet for denne aldersgruppa halde seg jamt dei siste fem åra.

Det er nærliggjande å kople ein kampanje retta mot denne aldersgruppa til fart og rus, saman med risikoforståing. Dei seinare åra Hordaland opplevd fleire alvorlege ungdomsulykker, og nokre av desse har også vore knytt til den vidaregåande skulen og russefeiring.

**Føringar for bruk av midlane**
Fylkestingsvedtaket, der midlane til opplæring i trafikktryggleik i vidaregåande vart sett av, gjev ikkje særskilde føringar for bruk av midlane. Fylkesrådmannen la midlane til som ein del av budsjettet til Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU), og i FTU si budsjettsak for 2016 (PS 5/2016) heiter det mellom anna følgjande i saksutgreiinga:

*<u>Opplæring i trafikktryggleik i vidaregåande skule</u>*
*Med tanke på at ungdommar er særs utsette som bilførarar og bilpassasjerar er det ønskjeleg å ha eit eige fokus på trafikktryggleik i vidaregåande skule. Dette kan gjerast gjennom allereie etablerte arena slik som kurs i Trafikksikkerhetshallen i Hordaland. Det er ønskjeleg at elevar i den vidaregåande skulen og kan få tilbod om slike trafikksikringskurs. Dette må koordinerast med Opplæringsavdelinga. Det er sett av 200.000 kr.*

Bakgrunnen for at fylkesrådmannen i sitt budsjettframlegg i februar foreslo å nytte Trafikksikkerhetshallen i Hordaland er dei gode erfaringane ein har med tilsvarande opplegg tidlegare. Samstundes krev dette mykje logistikk for å kunne gjennomførast, og elevane må i tillegg fraktast t/r. For mange vil dette verte ei lang dagsreise å ta ut på. I tillegg er det avgrensa kor mange elevar som kan få eit slikt kurstilbod.

Etter ei vurdering er det no klårt at det er meir tenleg å lage til ein kampanje som famnar alle elevane med ein felles bodskap, enn å sende eit fåtal på trafikksikringskurs.

**Filmsnutt med fokus på «Russ og rus»**
Ser ein nærare på ulykkesstatistikken for ungdommar så finn ein at i Hordaland (2011-2015) var det totalt 607 ulykker med bilførarar i alderen 18-24 år, med totalt 885 skadde/drepne. Av desse omkom 15 personar. I 43 av desse 607 ulykkene var det mistanke om ruskøyring, og fire av dei omkomne og sju av dei alvorleg

skadde er knytt til desse ulykkene. Talgrunnlaget er lite, men ein kan likevel merke seg at mistanken om ruskøyring fann stad i 7 % av ulykkene, og at 1 av 4 omkom i desse ulykkene. Utover dette er det godt dokumentert at fartsnivået er ein vesentleg faktor i mange alvorlege trafikkulykker.

Som skuleeigar har fylkeskommunen eit føremonn når det gjeld å nå ungdommane gjennom haldningsskapande kampanjar. Mange av elevane vil etter end skulegang få seg lærlingplass og sin eigen bil, medan andre vil ha russefeiringa som ein viktig milepæl som ein del av den vidaregåande opplæringsperioden.

Russefeiringa er ein viktig del av det sosiale skulelivet til elevane i 3. klasse. Dette gjeld ikkje berre i april/mai, men gjennom heile skuleåret. Jamvel har russefeiringa også ein innverknad på elevane på lågare klassetrinn. Omfanget og storleiken på russefeiringa varierer frå elev til elev, og rundt på dei ulike skulane i fylket. I eit trafikktryggleiksperspektiv er det gjerne på dei skulane som har mange russebilar og -bussar at uroa rundt trafikktryggleiken er størst. I Hordaland har det over mange år vore lagt til rette for ein god dialog mellom russen og offentlege trafikketatar, jf Politiet, Statens vegvesen og Trygg trafikk, for å få ei god og trygg feiring. Dette arbeidet vil halde fram, og ein kan slik sett seie at ein kampanjefilm som her vert foreslått, berre er ein del av eit større haldningsskapande arbeid retta mot denne gruppa.

Å lage ein trafikksikringskampanje retta inn mot problematikken russ og rus går i kjernen på dei utfordringane ein står overfor. Ein filmsnutt som går direkte inn på denne tematikken er difor eit føremonn. Ein filmsnutt er lett tilgjengeleg, og enkel å dele gjennom sosiale media. Slik sett vil den også kunne rekke utover dei elevane som går på vidaregåande skule. I tillegg vil den kunne brukast som ein del av eit større trafikksikringsarbeid retta inn mot vidaregåande elevar. Eit eksempel på eit slikt prosjekt som er under utvikling er kampanjen *#Er du sikker?* som Trygg Trafikk står bak. Dette går no som pilot på nokre vidaregåande skular i andre fylke.

**Fylkesrådmannen sine kommentarar**
For å skape gode haldningar, og ikkje minst god åtferd i trafikken, må det nyttast fleire ulike kanalar og formspråk. Fleire av dei vidaregåande skulane i fylket har eigne trafikksikringsdagar der elevane får sett blålysetatane i aksjon, og høyre frå dei som har kjend trafikkulukkene tett på kroppen. Gjennom trafikksikringskurs får elevane eit anna perspektiv, der dei mellom anna kan prøve ut ulike apparat. Begge desse arenaene krev mykje ressursar og logistikk, og har ei avgrensing i tal deltakarar.

Ein filmsnutt vil kunne ha ein heilt bestemt og direkte bodskap. Den vil ha stor rekkevidde med tanke på tal personar den kan nå, og om mogleg vil den også kunne nyttast i undervisninga og på temadagar. Samstundes kan filmsnutten vere ein som ein del av ein større heilskapleg trafikksikringskampanje retta mot den vidaregåande skulen. I Hordaland er det allereie etablert nokre faste aksjonspunkt på dette retta mot russen, og det vil også vere høve for Hordaland å delta i Trygg trafikk sitt prosjekt *#Er du sikker?* neste skuleår.

**PS 29/16 Ymse**